



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
43/22	Formannskapet	05.04.2022

Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Åheim - 1 gangs ettersyn.

Reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim med plankart, planomtale og føresegner ligg klar til handsaming for utlegging til 1. gongs offentlig høyring.

Formannskapet 05.04.2022

Behandling:

Pernille Ibsen Lervåg frå Norconsult orienterte.

Samrøystes vedtak som framlegget.

FO - 43/22 Vedtak

Vanylven kommune vedtek å legge reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim (nasjonal arealplan ID: 1511-201801) ut til 1. gongs offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningsloven § 12 - 10 handsaming. Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Kommunedirektøren

si

tilråding:

Vanylven kommune vedtek å legge reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim (nasjonal arealplan ID: 1511-201801) ut til 1. gongs offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningsloven § 12 - 10 handsaming. Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Saksopplysningar:

Oppstart av planarbeidet detaljregulering gang- og sykkelveg Åheim vart vedteke i formannskapet 28.06.2011 i F-sak 110/2011 (langs fv.61 til «Krikenkrysset»). Kommunestyret vedtok 13.12.2011 i K-sak 12.12.2011 oppstart med utvida plangrense, slik at den også skulle gjelde langs fv.620 mot Thue. Planarbeidet vart varsla av kommunen den 07.07.2011 i Synste Møre med høyringsfrist 25.08.2011. Det kom inn 18 merknadar totalt.

Det er gjennomført ope møte på Åheim 29.08.2018. Det var 63 personar som møtte.

Plankonsulent i Herøy kommune har utført planarbeidet for Vanylven kommune. Norconsult har revidert plankart.

Det har i mange år vore ynskje om tryggare veg for fotgjengarar på Åheim. Denne planen vil legge til rette for gang- og sykkelveg frå brua over Åheimselva til «Krikenkrysset» og til Thue. Den vil legge grunnlag for ein samanhengande gang- og sykkelveg som vil gjere ferdsel langs Fv.61 og Fv.620 langt betre. Det vert også lagt til rette for to kollektivhaldeplassar.

Sekundært skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim - både med sentrumsutbygging, næringsverksemd, fritid, turisme samt fleire bustadar. Det er planlagt ei rundkøyring på fylkesvegen som oppfyller krava i SVV handbok og som vil forbetre trafikkbiletet og auke trafikktryggleiken betrakteleg.

For nærare omtale av planen viser ein til vedlegga i saka.

Vurdering

og

konklusjon:

Merknadane til oppstart av planen vert vurdert, oppsummert og kommentert i kapittel 9 i planomtalen.

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl. kap.4. Sidan både føremål, og i hovudsak også avgrensing, er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing.

Administrasjonen meiner planforslaget kan leggjast ut til 1. gongs høyring til offentlege instansar, grunneigarar og andre med høyringsfrist minst 6 veker frå kunngjering.

Likestillingsmessige	sider	ved	saka:
Konsekvensar	for	folkehelsa:	
Miljøkonsekvensar:			
Økonomiske			konsekvensar:
Beredskapsmessige			konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:			

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Helge Kleppe
kommunalsjef